

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
045/2019	Formannskapet i Radøy	PS	19.09.2019

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	19/1514	19/10892

Meldingar og referatsaker

Saksopplysingar:

Det vert lagt fram følgjande meldingar og referatsaker:

- TV-aksjonen – Kommune- og fylkesbidrag 2019
- NGIR – referat representantskapet 27. mai 2019
- Presentasjon Invest in Bergen – eigarmøte 14. juni 2010
- Etablerararsenteret/Invest in Bergen – mål for Vestland fylke
- Rapporten «Vestland – utfordringar for fylket for regionane»

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering

Formannskapet i Radøy - 045/2019

FS - handsaming:

TV-aksjonen: Ordførar Jon Askeland gjorde framlegg om å gje 10 000 kroner i kommunalt bidrag til årets TV-aksjon, altså rundt rekna to kroner per radværing. Formannskapet vedtok ordføraren sitt framlegg, sett fram i møtet.

Allmennsoge - bygdebok: Kommunestyret sette i sak 12/2019 av 200 000 kroner til gjennomføring av forprosjekt for planlegging og finansiering av ei allmennsoge for Radøy. Formannskapet fekk fullmakt til å setja ned eit utval til å gjennomføra prosjektet, med tidsfrist 1. mars 2020.

Ordføraren tok opp saka til drøfting i formannskapet. Etter drøftingar konkluderte eit samla formannskap med at dette forprosjektet ikkje lar seg gjennomføra, fordi det ikkje er ressursar verken administrativt eller politisk til dette arbeidet. Dette er eit prosjekt som må sendast til Alver kommune.

Formannskapet gjorde følgjande vedtak: Det vert rapportert tilbake til kommunestyret at det ikkje lar seg gjera å gjennomføra forprosjekt for allmennsoge i Radøy. Dette prosjektet vert sendt til Alver kommune til oppfølging.

Aufera: Kommunal garanti for lån som vekstbedrifta Aufera skal ta opp i samband med kjøp av nye lokale, må opp til ny handsaming i kommunestyret. Årsaka er at Kommunalbanken ikkje godtek kommunestyret sitt vilkår om at garantien blir gitt på vilkår av også dei to andre eigarkommunane i Aufera, Austrheim og Fedje gjer vedtak om å ta sin del av garantiansvaret. Saka kjem opp i kommunestyret 3. oktober.

Godtgjersle ordførar/varaordførar: I samband med at Jon Askeland blir valt til fylkesordførar på det

konstituerande møtet på fylkestinget 15. oktober, får han frå dag ein løn som fylkesordførar. Askeland orienterte formannskapet om at han frå same dag ikkje mottek løn som ordførar i Radøy. Han fungerer som Radøy-ordførar ut året, men oppgåvene blir i all hovudsak overført til varaordførar Jostein Borlaug.

Det var full semje i formannskapet om at godtgjersla til varaordførar vert auka i same perioden

PU-bustader: Rådmann Jarle Landås informerte om at det vert lagt fram ei sak om oppfølging av planane om PU-bustadar i Langhøyane.

Kommunepsykolog: Representanten Roy Bø (Frp) tok i junimøtet i kommunestyret opp behovet for kommunepsykolog for vaksne. Rådmann Jarle Landås orienterte om at det vil bli fire kommunepsykologar i Alver kommune, både for barn og vaksne, i tillegg til i barnevernet. Av denne ressursen blir 1 1/2 stilling knytt til kommunepsykolog for vaksne. Det er vurdert at dei samla ressursane vil vera eit tilstrekkeleg tilbod både til barn og vaksne.

Historisk møte: Ordførar Jon Askeland ønskte velkomen til eit historisk møte i formannskapet - det aller siste møtet i formannskapet før Radøy blir ein del av Radøy kommune. Medlemene i formannskapet oppsummerte den siste fireårsperioden, og gav uttrykk for at dei synest det har vore eit svært godt klima og ei god evne til å skilja sak og person. Formannskapet spanderte kake for å markera at ordførar Jon Askeland no blir fylkesordførar i Vestland.

Finale: Det vert avslutningssamvær for medlemene i kommunestyret i ungdomshuset Solvang 5. desember.

Formannskapet tok meldingar og referatsaker til orientering, med dei tillegg som vart sett fram i møtet.

FS - vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering.

Vedlegg:

TV-aksjonen Kommune- og fylkesbidrag 2019

NGIR Referat representanskapet 27.05.19

Eigarmøte 14 6 2019 - presentasjon Invest in Bergen

Eigarmøte Invest In og Etablerersenteret 14 juni 2019-Bård Sandal

Referat eigarmøte Etablerersenteret og Invest in Bergen 140619

Eiermøte juni 2019 Etablerersenteret

Oversending av rapporten Vestland - utfordringar for fylket og (L)(312475)

Vestland - utfordringar for fylket og for regionane - j (L)(312542)